

# FUSA - MIDT I BLINKEN

SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLAN 2011 - 2023



I FUSA TEL ME IKKJE  
BOM - ME TEL TREFF!

# ROMSLEG

- FUSA KOMMUNE SINE VERDIAR




# FUSA

## - MIDT I BLINKEN

Visjonen vår er «Fusa – midt i blinken!» Vi vil strekkja oss etter å vera ein frisk, positiv, offensiv og aktiv kommune, gjerne litt dristig, kreativ og spennande, og samtidig trygg og robust både som naturkommune, bukommune og arbeidskommune. Vi skal yta treffsikre kommunale tenester. Det krev både godt blikk, rask reaksjonsevne og nytenking. Fusa skal møta utfordringar offensivt og vera synleg på ein positiv måte. Fusa skal vera midt i blinken!

Utgangspunktet for visjon og slagord er geografi, særpreg og tradisjonar. Fusa ligg midt på fylkeskartet, i Midt-hordland – midt i Hordaland. Fusa har stolte tradisjonar som skiskyttarkommune – med OL-, VM- og verdscup-medaljar i alle valørar, deltakarar i fem OL på rad, landslagstrenarar, spisskompetanse, miljø og anlegg.



### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi her kan eg treni i frisk luft og flott natur langt vekk frå sveittetrenings-senter. For meg er frisk luft like viktig som trening



# SATSINGSOMRÅDE

Fusa kommune skal ha tre hovudsatsingsområde i kommuneplanperioden 2011-2023:

- Berekraftige lokalsamfunn
- Treffsikre kommunale tenester
- Samhandling og samarbeid

Innanfor satsingsområdet «berekraftige lokalsamfunn» skal hovudfokus vera på Fusa som **naturkommune**, **bukommune** og **arbeidskommune**.

Desse tre fokusområda er valde fordi dei representerer ulike sider ved berekraftomgrepet, som vi ønskjer å fokusera på, og ulike kvalitetar ved Fusa som vi ønskjer å utvikla vidare.

I omgrepet «berekraftig» ligg ei utvikling som tilfredstiller behova i dag, utan å øydeleggja livsvilkåra for framtidige generasjonar. Vi må med andre ord vera framsynte og leggja til rette for ei utvikling som både vi og etterkomarane våre kan leva med.

Vi vil at fusasamfunnet skal utvikla seg slik at vi kan syta for gode levekår for innbyggjarane våre i dag og i nær framtid, utan å tæra på livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. Dette målet set store krav til korleis vi forvaltar naturressursar og naturmiljø. Vi kan ikkje låna miljøkapital frå framtidige generasjonar, for det er ikkje mogeleg å betala tilbake.

Omgrepet «berekraft» har òg ein sosial og kulturell dimensjon. Vi vil at innbyggjarane våre skal oppleve livskvalitet. Vi vil at Fusa skal vera ein trygg og god bukommune, der

## KVEN ER VI? KVEN ER FUSA?

Det er vi – alle som bur her. Utviklinga av fusasamfunnet er eit felles ansvar – eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette i kommunen, politikarar og andre samfunnsaktørar i Fusa.



## FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi det er så trygt og godt for ungane




gamle og nye innbyggjarar kan leva aktive liv, nytta og medverka til kulturelt mangfald, og ta del i gode sosiale fellesskap.

Økonomisk utvikling ligg òg i omgrepet «berekraft». Vi vil halda fram som ein sterk og variert arbeidskommune. Vi vil gjere treffsikre kommunale tenester med effektiv ressursbruk. Vi vil ha ein vekst som tek vare på ressurs- og miljøgrunnlag.

Det er vår oppgåve og utfordring å finna balansen mellom dei ulike berekraft-perspektiva: miljø, økonomi, kultur og sosiale dimensjonar. Og å syta for ei forsvarleg forvaltning av natur- og ressursgrunnlaget i fusasamfunnet – det vil seia å sikra både vern og utvikling, ikkje anten – eller.


#### VISSTE DU AT

kvinnebunaden frå Fusa er ein rekonstruksjon fullført i 1998 med utgangspunkt i drakta som vart nytta i dette området i første halvdel av 1800-talet? Fusbunaden gir rikt høve til variasjon i fargar og plaggkombinasjonar.



#### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi me har eit aktivt husflidslag som tek vare på lokale tradisjonar og arbeider for å henta fram att gamle husflidteknikkar




# OVERORDNA MÅL

## - FLEIRE FUSINGAR!

Fusa kommune hadde pr. 1.1.2011 eit innbyggjartal på 3851. Vi har som overordna mål for kommuneplanperioden å auka folketalet vårt.

Utviklinga i folketal påverkar òg i stor grad inntektsgrunnlaget til Fusa kommune gjennom skattekrone og statlege rammetilskot.



År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
+0,8%	3882	3913	3944	3976	4008	4040	4072	4104	4137	4170	4204	4237

### FORVENTA FOLKETALSUTVIKLING SSB PR. 01.01.2011

Framskriving basert på alternativ HHMH (høg nasjonal vekst)

	2011	2015	2020	2025	2030
Folkemengd totalt	3 851	3 996	4 221	4 478	4 746
0-5 år	271	279	328	365	402
6-15 år	572	599	581	604	674
16-19 år	215	214	256	240	245
20-66 år	2 154	2 247	2 306	2 426	2 485
67-79 år	402	419	508	574	611
80 år +	237	238	242	269	329

Vi treng folk for å oppretthalda livskraftige og berekraftige lokalsamfunn. Vi treng folk til å syta for eit godt tenestetilbod i kommunen, til å sikra arbeidskraft for næringslivet vårt, til å skapa utvikling og trivsel. Vi har plass til fleire naboar, medelevar, kollegaer, sambygdingar og medspelarar i den frivillige aktiviteten i bygdene våre. Saman får vi til endå meir!

Frå 2005 har folketalet i Fusa auka med i gjennomsnitt 0,6 % årleg. Årsaka til folketalsveksten er innflytting frå utlandet. Frå 1.1.2010 til 1.1.2011 auka folketalet med 0,7 %. Vi har ein gjennomsnittleg auke på 0,8 % som mål for perioden 2011-2023, slik at vi passerer 4200 innbyggjarar i løpet av planperioden.




# KOMMUNEPLANEN

## - SAMFUNNSDELEN

- er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen
- legg rammene for planlegging, aktivitet og arealbruk
- vert vedteken av kommunestyret
- har eit 12-årsperspektiv
- skal rullerast kvart fjerde år
- samfunnsdelen er grunnlaget for arealdelen, som viser bruk og vern av arealet i Fusa
- samfunnsdelen er òg grunnlaget for handlingsprogrammet til Fusa kommune med økonomiplan, som dekkjer fireårsperiodar og vert rullert årleg. Det inneheld handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutviklinga og prioritering av tiltak
- forankring og medverknad i planarbeidet: Gjennom idédugnader, møte, facebookside «Fusadraumar», bloggen «Fusa i framtio», heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) og eiga e-post-adresse [kommuneplan@fusa.kommune.no](mailto:kommuneplan@fusa.kommune.no) har vi lagt opp til ein prosess for å engasjera og involvera kommunestyret, eldrerådet, ungdomsrådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, 10.klassingane, Fusa næringslivslag, Fusa frivillig-sentral, kyrkja (Fusa sokn), Fusa vidaregåande skule, tilflyttarar frå utlandet, einingsleiarane i Fusa kommune, innbyggjarane generelt og utflytta fusingar
- fem arbeidsgrupper samansette av kommunestyrepolitikarar og med kvar sin sekretær frå administrasjonen har laga framlegg til mål og strategiar for dei fem hovudsatsingsområda



### SAGT PÅ FOLKEMØTE:

Fusa er ein god plass å bu!  
Fusa er nærare enn du trur!  
Me må marknadsføra Fusa betre: Naturopplevingar - Fusa frå fjord til fjell, rike fiskevatn, bruka kjendisane våre!



### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi i Fusa blir du sett og høyr!



# FUSA KOMMUNE

**Fjordområde:** Samnangerfjorden, Ådlandsfjorden, Eikelandsfjorden, Fusafjorden, Bjørnafjorden, Sævareidfjorden

**Største innsjøar:** Henangervatnet, Skogseidvatnet, Gjønavatnet

**Høgste fjell:** Gjønakvitingen (1250 moh), Tveitakvitingen (1299 moh)

**Friluftsområde:** Vinnesholmen, Hagafjøra, Skjelevika, Peraneset, Tretteskjera

**Skogareal:** 116 dekar produktivt skogareal, 374 skog-eigedomar, 21 km skogsbilvegar, 110 km traktorvegar


**Jordbruksareal:** ca 14 000 dekar, 113 driftseiningar med produksjonstilskot

**11 bygdelag:** Baldersheim, Bogøy, Eikelandsosen, Fusa, Holmefjord, Hålandsdalen, Lygropollen og Lukksund, Nordtveitgrend, Strandvik, Sævareid og Vinnes.

**Innbyggjarar:** Spreidd busetnad: Om lag 1500 husstandar, 10 innb. per km<sup>2</sup>, berre 12 % bur i tettbygde strok. 3851 innb. (1.1.2011), barn og unge under 17 år utgjorde ca ¼ av innbyggjarane, 42 fødte i 2010, 622 pers. over 67 år – av desse 228 pers. over 80 år, dvs. 6 % av innb. (per 1.1.2011). Engasjerte folk: Valdeltaking på nesten 72 %

**Barnehage/skule:** Full barnehagedekning, 7 barnehagar,

**Areal:** 379 km<sup>2</sup>  
**Ferskvatn:** 24 km<sup>2</sup>  
**Kystline:** 198 km  
(SSB-tal)



7 barneskular – 6 offentlege, 1 privat friskule, 1 ungdomsskule, 1 vidaregåande skule

**Infrastruktur:** 80 km kommunale vegar, ca 86 km fylkesvegar


**Næringsliv:** 495 registrerte bedrifter inkl. jord- og skogbruk – 63 % av dei einmannsføretak

**Rikt og variert kulturliv:** Over 100 frivillige lag og organisasjonar, frivilligsentral, bibliotek og bokbuss, fritidsklubb for menneske med psykisk utviklingshemming, kulturskule, aktivt song- og musikkliv, bygdekino, senioruniversitet, seniordans, «onsdagsturar», over 20 lokale kulturhus (bygdaus, ungdomshus, bedehus, gamle skulehus), kunstnarnettverket Framfus

**Idrett:** Stor aktivitet innan fotball, ryttarsport, karate, volleyball og skiskyting. Fusa har ridehall, 2 symjehallar, 6 fotballbanar, 10 ballplassar, 8 ballbingar, 2 sandvolleyballbanar, 5 skytebanar, rulleskibane, 2 ljosløyper, 2 skiskyttaranlegg, 7 orienteringskart

**Kyrkje:** 5 kyrkjebygg, 10 kyrkjegardar




**Attraksjonar:** Holdhus kyrkje, Eidegrend klyngjetun, Engevik Gaard, husmannsplassen Vinnesholmen, skulemuseet på Holdhus, Kikedalen, Drageidkanalen, den gamle postvegen mellom Fusa og Strandvik, jettegrytene i Eike-landsosen, fiskerike vassdrag, lang strandline, båthamner og badeplassar.



**KOMMUNEVÅPENET** til Fusa er definert som «tre blå spiralar i trepass på sølv botn». Det gjev assosiasjonar til straumkvervlar som har vore avgjerande for å danna alle jettegrytene i kommunen, og til namnet Fusa som truleg har sitt opphav i «den strie, kvervlande».



**VAREMERKET** til Fusa er inspirert av dei typiske «Fusamønstra» ein finn rundt om i bygdene i Fusa. Grunnformene sirkel, kvadrat og ein kvart sirkel er henta frå skiskyttarblinken, ballidretten, tønneproduksjonen, skifer/takstein, åkle frå oppstøvev, volleyballnett, fiskeskjell



# SATSINGSOMRÅDE 1

## BEREKRAFTIGE LOKALSAMFUNN

### A. NATURKOMMUNEN FUSA – PÅ LAG MED NATUREN

Fusa har naturkvalitetar som vi ønskjer både å bruka, ta vare på og vidareutvikla!

#### MÅL

I Fusa skal vi:

- sikra det biologiske mangfaldet
- ta klimautfordringane på alvor
- satsa på fornybar energi
- sikra ikkje-fornybare ressursar
- ta vare på naturlandskapet
- sikra ei berekraftig forvaltning av kulturlandskapet
- sikra verneområde av nasjonal verdi: Kikedalen, Vinnesleiro våtmarksområde og sjøfuglreservat, Gåseskjær og Steglholmen sjøfuglreservat, Yddal barskogområde og Geitaknottane naturreservat
- syta for ein god balanse mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og til attraktive byggeområde

#### STRATEGIAR

Sikra det biologiske mangfaldet gjer vi ved å:

- ta vare på verna og sårbare artar
- forvalta artar balansert
- hausta av ressursane utan å forbruka
- leggja til rette for ein balansert sameksistens mellom naturlege artar og næring

Ta klimautfordringane på alvor gjer vi ved å:

- kartleggja klimautfordringane, førebyggja konsekvensar i den grad det er mogeleg, og syta for å ha nødvendig beredskap til å møte dei

#### SLIK VIL VI HA DET:

Fusa kommune skal forvalta naturressursar og areal på ein slik måte at vi tek omsyn både til naturen si tolevne og til innbyggjarane og deira behov



#### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- på grunn av gode natur-opplevingar og fordi det er eit paradys for småbåtar



- følgja opp mål og tiltak i klima- og energiplanen for Fusa kommune
- syta for at klima- og energiplanen fortløpande vert oppdatert i samsvar med nye utfordringar og krav
- redusera transportbehovet ved å plassera byggefelt i gang-/sykkelavstand frå sentrumsfunksjonar i bygdene våre (skule, barnehage, butikk, fritidstilbod)
- auka CO<sub>2</sub>-bufferen i Fusa ved å leggja til rette for aktiv skogkultur

#### Vi satsar på fornybar energi ved å:

- laga plan for etablering av småkraftverk i vassdrag
- utgreia mogleg etablering av vindkraftverk på eigna lokalitetar
- leggja til rette for utnytting av biomasse

#### Vi sikrar ikkje-fornybare ressursar ved å:

- kartleggja dei
- stilla krav om at konsekvensanalyse skal følgja søknad om drift og sjå til at all drift skjer innanfor vedtekne rammer og lovverk

#### Ta vare på naturlandskapet gjer vi ved å:

- halda i hevd og forvalta etablerte verneområde
- leggja til rette for at vi framleis har store, samanhengjande, urørte naturområde både på land og i sjø
- forvalta vassdrag (ferskvatn/elv) på ein berekraftig måte

#### Vi sikrar ei berekraftig forvaltning av kulturlandskapet ved å:

- setja av kjerneområde for landbruk (jord- og skogbruk)
- sikra framtidig produksjon i skogen gjennom planting etter hogst og skjøtsel av ungsog
- leggja til rette for skogsveggar i kombinasjon med tilgang til utmark for friluftsliv
- etablere fellesbeite i kulturlandskapet

#### Verneområda våre av nasjonal verdi sikrar vi ved å:

- handheva vernereglane inne i vernesonene
- setja av omsynssoner rundt verneområda i Kikedalen og på Vinnesleiro

#### DET BESTE MED FUSA

er «herleg natur!» - meinte 10. klassingane våre, som var med på idédugnad for kommuneplanen hausten 2009.


#### KVA ER FUSA FOR DEG?

Ungdommen svara: «Masse fjell og fjordar», fin natur, badeplassar, fiskeplassar, skog, sjø, vatn, tjødnar, jettegryter, gardar. Fusa er frodig, idyllisk, roleg. Vidare svara dei at Fusa er aktivitetar: Fiske, båtliv, padling, idrett, hest og vinteraktivitetar.



#### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi eg både kan gå på ski på fjellet og sykla eller gå på rulleski ved fjorden på samme dag



#### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi her er fin natur og kjekke folk

Ein god balanse mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og til attraktive byggeområde syter vi for ved å:

- leggja til rette for fortetting
- leggja særleg vekt på å unngå konflikter mellom landbruksnæringa og bustad- og hytteområde
- leggja til rette for bustadområde med nærleik til sjø
- sikra offentlege friluftsområde ved sjø i alle bygder
- leggja til rette for små hyttefelt i fjellet
- setja kommunale krav til utforming av bustadfelt og hytteområde
- planleggja areal til veg og bane gjennom Fusa
- planleggja areal til næringsliv på land og sjø (havbruk)
- leggja til rette for at bygging skjer mest mogleg på areal som er lite dyrkbare

## B. BUKOMMUNEN FUSA – TRIVSEL FOR ALLE

Fusa er vener, samhald, godt miljø, engasjerte folk og mange muligheter, sa 10. klassingane våre på idédugnad hausten 2009. Fusa er ungdomsklubben, musikal, biblioteket, bygdakino, Framo Aktiv, kulturskulen, ballbingar, leirskulen. Fusa er aktivitetar – fotball, skiskyting, hest, volleyball, karate, musikklag. Fusa er bunad, Bygdastølen, Vinnesholmen, Gamlekyrkja, dubbeltkaker, flinke idrettsfolk og eks-visekonge. Fusa er mange små bygder, skular og barnehagar, lite trafikk og ein trygg stad å veksa opp. Fusa er heima! sa 10. klassingane.

I Fusa ligg alt til rette for å leva aktive liv innanfor grøne rammer. Vi har ein desentralisert struktur, og det krev gode kommunikasjonar. Eit betre kollektivtilbod er ikkje minst viktig for barn, unge og eldre. Her har vi framleis ein jobb å gjera for å sikra tilgang for alle til aktivitetar og tenester. Vi vil satsa på eit endå rikare kulturliv og fleire sosiale møteplassar. Vi ønskjer både eit sterkt sentrum og levande bygder.

Fusa er ein kommune med høg mobilitet. Det er mange som er på flyttefot både ut og inn av kommunen vår. Dei siste åra har tilflyttarar frå utlandet sytt for auke i folketallet.

### VISSTE DU AT

Fusa = 60 % skog, 6 % vatn, 5 % jordbruksland (innmark), 1 % hus og vegar, 28 % ikkje-skogkledd utmark?



Vi har felles bu- og arbeidsmarknad med nabokommunane våre. Mange arbeidspendlar både inn og ut av Fusa – flest inn. Vi vil arbeida for å få fleire av innpendlarane til å busetja seg i Fusa. Vi vil arbeida aktivt for å bli endå meir attraktiv som bukommune!

### MÅL

Vi skal:

- styrkja og halda på Fusa-identiteten
- ta vare på tilflyttarane
- busetja flyktningar

Fusa skal ha:

- eit variert fritidstilbod for alle og fleire sosiale møteplassar
- høve til å driva friluftsliv for alle
- eit variert kulturtilbod i eigen kommune
- attraktive og varierte bumiljø – tomter, bustader og husvære for sal og utleige
- trygge oppvekst- og bumiljø
- eit godt vidaregåande skuletilbod og høgskuletilbod
- gode kommunikasjonar
- eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige offentlege og private tenester
- aktive bygder og levande lokalsamfunn

### STRATEGIAR

Vi styrkjer Fusa-identiteten ved å:

- vidareutvikla det lokalhistoriske skuleprosjektet «Fusanisto»
- medverka til at historia om Visekongen lever vidare som eit identitetsbyggjande element
- nytta nynorsk som offisielt skriftsspråk og stimulera til bruk av nynorsk og dialekt
- stimulera til at lokal tradisjonskultur og viktige kulturminne vert haldne i hevd
- byggja eit positivt bilete av merkevara Fusa og dei flotte bygdelaga i kommunen
- satsa på profilering av Fusa kommune og laga ein aktiv informasjonsstrategi: Gjer Fusa kjend!


### SLIK VIL VI HA DET

Aktiv fritid, rikt kulturliv, sosiale møteplassar, attraktive bumiljø, gode kommunikasjonar, sterkt sentrum og levande bygder.



### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi her er rom også for spenstige forslag



**Vi tek vare på tilflyttarane ved å:**

- organisera ordning med «helseminister» og velkomst pakke på fleire språk
- ha ei god norskundervisning for framandspråklege, som er tilpassa deira behov
- organisera praktisk «førstehjelp» til å finna fram i offentlege system, særleg for framandspråklege
- samarbeida tett med frivillige lag og organisasjonar for å gje tilflyttarar oppfølging/nettverk i nærmiljøa

**Vi førebur busetjing av flyktningar ved å:**

- laga ein handlingsplan for flyktningetenesta
- organisera eit tverrsektorielt mottaksapparat
- sjå busetjing av flyktningar i samanheng med korleis vi elles tek vare på tilflyttarar

**Vi satsar på eit variert fritidstilbod for alle og fleire sosiale møteplassar ved å:**

- samarbeida med lag og organisasjonar og andre lokale aktørar om etablering og drift av fritidstilbod og nye sosiale møteplassar for alle
- sjå til at det i den fysiske planlegginga av bustad- og sentrumsområde vert laga gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom
- satsa aktivt på universell utforming slik at alle har gode føresetnader for å ta del i fritidsaktivitetar, uavhengig av funksjonsevne
- leggja til rette for at grupper med særlege behov kan ta del i fritidsaktivitetar t.d. gjennom støttekontakt- og treningskontaktordning


**Vi sikrar at alle har høve til å driva friluftsliv ved å:**

- setja av areal til friluftsliv i alle bygder i arealdelen av kommuneplanen
- hjelpa til med finansiering og praktisk tilrettelegging av merke- og ryddeprosjekt for turstiar i heile kommunen
- leggja til rette turveggar, badeplassar og fiskeplassar for menneske med særlege behov
- utvikla nye turkart for Fusa over mindre område, både i papir og digital form
- utvida samarbeidet med Bergen og omland friluftsråd om fleire offentlege friluftsområde
- samarbeida tett med frivillige lag og organisasjonar



**FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG**

- fordi det både er kjekt å reisa vekk og godt å komma heim



**FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG**

- fordi det er akkurat passe stort

Vi arbeider for eit variert kulturtilbod i eigen kommune ved å:

- stimulera til kulturell kreativitet og mangfald og fremja fysisk aktivitet
- vidareutvikla formidlinga av profesjonell kultur og kunst i skule og barnehage og til eldre (Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken)
- gje kulturskulen nok ressursar til at alle som søker plass, får eit tilbod
- utvida kulturskuletilbodet til også å omfatta visuell kunst, song, dans og drama
- vidareutvikla bibliotektilbodet
- samarbeida tett med frivillige lag og organisasjonar på kulturområdet
- ha tilskotsordningar som er robuste nok til at Fusa kommune kan hjelpa fram lokale initiativ og hjelpa lokale arrangørar med tilskot og underskotsgarantiar
- ha ei aktiv rolle med å formidla eksterne tilskotsordningar
- styrkja tilskotsordningane til investering i og drift av private idrettsanlegg
- medverka til at lokale arrangørar kan utvikla store idrettsarrangement og festivalar
- vera pådrivar for å byggja fleirbrukshall som kulturell storstove, med gode fellesareal og rom for varierte og parallelle aktivitetar

Attraktive og varierte bumiljø – tomter, bustader og husvære sikrar vi ved å:


- leggja til rette for bustadbygging både spreidd, i felt og i sentrumsområde
- leggja til rette for byggefelt sentralt (gang- og sykkelavstand) i høve til sentrumsfunksjonar i bygdene
- leggja til rette for sentralt plasserte husvære for eldre, ungdom og menneske med særlege behov for tilrettelegging
- leggja til rette for fortetting i eksisterande buområde
- leggja til rette for at det vert bygd utleigebustader og hyblar
- oppfordra til at ledig kapasitet i eksisterande bustadmasse vert teken i bruk til utleigebustader og hybelhusvære
- hjelpa til med finansieringsordningar gjennom Husbanken

#### VISSTE DU AT

fritidstilbodet «Musikk ved livets begynnelse» er blitt til gjennom samarbeid mellom kulturskulen og kyrkja?


#### VISSTE DU AT

«Fusanisto» er eit lokalhistorisk undervisningsopplegg for 1.-7. klasse i fusaskulane? Opplegget er knytt til bygdebøkene våre «Heilt andre tider. Fusa 1900-2000», den historiske biletbasen på heimesida og kulturminne rundt om i kommunen (foto s. 29)



#### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi aktivitetstilbodet er så rikt. Eg køyrer gjerne til Fusa for eit tilbod min eigen kommune ikkje har





### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi gjennom «Fusa-  
nisto» får alle elevane i Fusa  
ein unik gjennomgang av  
lokal historie - og slik skapar  
me røter for barna




- samarbeida tett med Fusa utviklingselskap, lokalt næringsliv og lokalmiljøa for å stimulera til auka bustadbygging

**Trygge oppvekst- og bumiljø sikrar vi ved å:**

- gjennomføra ROS-analyse (risiko- og sårbarheits-analyse) for buområde i heile kommunen
- nytta ROS-analysar som styringsverktøy ved etablering av nye byggeområde
- satsa aktivt på trafikksikring og bygging av gang- og sykkelveggar i nærmiljøa, og sjå til at det vert høgt prioritert i alle nye vegprosjekt og reguleringsplanar
- ha eit særleg fokus på trafikksikringstiltak for mjuke trafikkantar i bustadområde, kring skular, barnehagar og idrettsanlegg
- ha eit godt og desentralisert skule- og barnehagetilbod, slik at flest mogeleg kan gå til og frå skulen
- gjennomføra Ruspolitisk handlingsplan (2008-2012) og rullera han fortløpande

**Vi sikrar eit godt vidaregåande skuletilbod og høgskuletilbod ved å:**

- medverka til at Fusa vidaregåande skule har eit godt arbeids- og næringsretta tilbod til ungdom i regionen
- medverka til etablering av nye idrettstilbod på Fusa vgs og vera pådrivar for å byggja fleirbrukshall på Leiro
- medverka til vidareutvikling av modulbasert vidaregåande utdanning, der ein kan byggja opp kompetanse over tid
- medverka til vidareutvikling av det desentraliserte fagskuletilbodet og vaksenopplæringstilbodet ved Fusa vgs
- ha gode bibliotektenester til studentar og skuleelevar
- ta i mot lærlingar både i det private næringslivet og i offentlege verksemdar
- arbeida for at det skal vera lett å pendla til vidaregåande skular i nabokommunar og høgskular i Bergen
- utvikla desentralisert høgskuletilbod, gjerne i samarbeid med Fusa vgs



**FUSA ER MIDT I  
BLINKEN FOR MEG**

- fordi i Fusa har me alt me  
treng! ..eller forresten, ei  
softismaskin kunne me hatt



**Gode kommunikasjoner sikrar vi ved å:**

- arbeida aktivt for at Fusa-samfunnet får eit betre kollektivtilbod med buss og ferje
- medverka aktivt til å få etablert særlege skysordningar for barn, unge og eldre
- oppgradera det kommunale vegnettet

**Vi satsar på eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige tenester ved å:**

- samarbeida aktivt med stat, fylke og lokalt næringsliv for å utvikla Eikelandssosen som eit attraktivt kommunesenter og regionalt handelssenter
- leggja til rette for pub og kafétilbod i sentrum
- leggja til rette for bygging av ei fullverdig gjestehamn i sentrum
- leggja til rette for grønne fellesareal på Leiro med tusenårsstad og strandpromenade, i tråd med ny sentrumplan
- tilretteleggja for bustader i sentrum
- leggja til rette for fortetting med kvalitet, slik at det ved utbygging vert tilrettelagt for gåande og for visuell kontakt med sjøen

**Vi støttar opp om aktive bygder og levande lokalsamfunn ved å:**

- yta og formidla tilskot som skal stimulera til kreativitet og engasjement i lokalmiljøa
- stimulera til og hjelpa fram ein levande dugnadskultur
- involvera og engasjera lokalmiljøa, og særleg barn og unge, i viktige politiske prosessar og saker


**VISSTE DU AT**

vi gjennom godt samarbeid mellom næringslivet, lagsliv, Fusa kommune og statlege spelemidlar har fått bygd mange idrettsanlegg i Fusa?



**FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG**

- fordi det er heftig her!



## C. ARBEIDSKOMMUNEN FUSA – RIKT OG VARIERT NÆRINGS LIV


Fusa har eit sterkt og godt næringsliv – det nest mest lønsame i landet, i følgje Nærings-NM 2010! Samla sett var Fusa rangert som nr. 3 i Hordaland og nr. 10 i landet i 2010. Nærings-NM vert utarbeidd av Telemarksforskning på oppdrag for NHO. Det er ei måling og samanlikning av næringsutviklinga i regionar og kommunar. Kriteria som vert vurderte er lønsemd, vekst, nyetablering og relativ storleik.

Fusa har meir industri, meir landbruk og mindre tenesteyting enn gjennomsnittet i fylket og landet. Fusa er framleis ein industrikommune, ifølgje Statistisk Sentralbyrå sine tal, med hovudvekt på mekanisk industri. Frank Mohn Fusa AS er den klart største arbeidsplassen. Hovudproduktet er komplette lossesystem for tankskip, og over 90 % av produksjonen går til eksport. Den solide hjørnesteinsbedrifta er ein stor styrke for fusasamfunnet, men gjer oss også sårbare for konjunktursvingingar. Andre sterke næringer er havbruk, trelast og trebearbeiding/handverksbedrifter og transport. Fusa kommune er den nest største arbeidsgjevaren. Fusa er òg ein av dei viktige landbrukskommunane i Hordaland.

### SYSSELSETJING OG NÆRINGSSTRUKTUR


Kjelde: Hordaland i tal 2010

Tal i personar




**VISSTE DU AT** næringslivet, Fusa kommune og nabokommunane i fleire år har samarbeidd om vegbygging gjennom aktiv forskottering av offentlege vegkroner?

Vi er ein attraktiv arbeidskommune med netto innpendling. Vi har fleire sysselsette (74 %), lågare arbeidsløyse (1,5 %) og færre uførepensjonistar enn gjennomsnittet i fylket og landet. Fusa har fleire arbeidsplassar enn arbeidstakarar – arbeidsplassdekninga var på 100,6 % i 2010 – og vi treng fleire hender og hovud!



### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi me får til ting her!



### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi det er sentralt - med kort veg til Bergen og Voss, Hardanger og Stord

## MÅL

### Fusa skal:

- vera ein god vertskommune for næringslivet
- syta for at det er lett å etablera nye arbeidsplassar
- leggja til rette for at det vert skapt arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa og etablert reiselivsverksemdar med overnattingstilbod
- sikra tilgang på kvalifisert arbeidskraft

### Vi skal ha:

- eit allsidig næringsliv og variert tilbod av arbeidsplassar
- ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring
- eit livskraftig og berekraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd


## STRATEGIAR

### Fusa skal vera ein god vertskommune for næringslivet ved å:

- styrkja kommuneadministrasjonen, slik at Fusa kommune heile tida har nødvendig kompetanse for å gje næringslivet rask og effektiv sakshandsaming
- vera digitalkommune med gode og lett tilgjengelege nett-tenester – 7/24/365
- arbeida for svært god infrastruktur til/frå kommunen: Ferjefri kyststamveg, aust-vest-sambandet over Haukeli (Odda-Fusa-Bergen), tilgjengelege offentlege kaiar
- medverka til å etablera ein synleg Fusaportal på internett for offentlege og private tenester
- ha regelmessige møte mellom næringsliv, politikarar og administrasjon i Fusa kommune
- ha fokus på tryggleik, helse og miljøutfordringar for næringslivet i den overordna ROS-analysen for Fusa
- som ein av kommunane i bergensregionen, og gjennom eigarskapet i Business Region Bergen (BRB), ta aktivt del i BRB sitt arbeid for at regionen vår skal bli ein dynamisk vekstregion prega av mangfald, samhandling, livskraft og oppleving
- følgja opp mål og strategiar i Strategisk næringsplan for Bergensregionen, som Fusa kommune har slutta seg til, der hovudmålet er at regionen innan 2025 skal vera leiande i Noreg på kunnskapsbasert og berekraftig næringsutvikling innan energinæringane, maritime næringar, marine næringar, oppleving, kultur og reiseliv, og media og kulturbasert næringsliv

## SLIK VIL VI HA DET

Oppretthalda eit rikt og variert næringsliv i Fusa, styrkja dei eksisterande arbeidsplassane, og utvikla nye næringar



## FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi det er langt nok vekke og tett nok på



**Vi gjer det lett å etablere nye arbeidsplassar ved å:**

- setja av areal til næringsverksemd i kommunen
- oppdatera arealdelen av kommuneplanen i kvar valperiode
- leggja til rette for etablering av næringslokale
- stimulera til etablering av «Næringshage» for kunnskapsbedrifter
- støtta opp om etablerarar ved t.d. rettleiing og søknadshjelp
- nytta Business Region Bergen (BRB) aktivt som verktøy for næringsutvikling

**Vi legg til rette for reiselivsetableringar ved å:**

- støtta opp om reiselivsetablerarar ved t.d. rettleiing og søknadshjelp
- leggja til rette for nødvendig infrastruktur, t.d. gjestehammer med nødvendige fasilitetar og tilrettelagde turområde
- hjelpa til med å etablere eit «reiselivsnettverk»
- satsa på profilering av Fusa kommune
- driva marknadsføring via [www.visitfusa-portal](http://www.visitfusa-portal)
- satsa bevisst på estetikk som eit viktig verkemiddel for aktivt reiseliv
- satsa på regionalt samarbeid gjennom Business Region Bergen (BRB) på reiselivsområdet

**Tilgang på kvalifisert arbeidskraft sikrar vi ved å:**

- leggja til rette for fagutdanning ved å tilby fleire lærlingeplassar i offentlig og privat sektor
- utvikla nye skuletilbod tilpassa næringslivet sine behov i samarbeid med Fusa vgs
- driva aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid overfor ungdom gjennom Fusamesso og yrkesrettleiing i ungdomsskulen
- støtta opp om tilbod om kurs og kompetanseheving, vidare- og etterutdanning
- nytta oss av den ressursen som ligg i innvandrarar arbeidskraft og -kompetanse ved eit forpliktande samarbeid mellom Fusa kommune, NAV, arbeidsgjevar og den enkelte arbeidstakar
- arbeida aktivt for å få innpendlarar til å busetja seg i Fusa

**VISSTE DU AT**

Fusa vidaregåande er ein skule i vekst, som tek i bruk nye lokale i 2011?



**FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG**

- fordi det er midt mellom fjord og fjell



**Eit allsidig næringsliv og variert tilbod av arbeidsplassar sikrar vi ved å:**

- arbeida for å ha tilbod innan kunnskapsbaserte næringar, tenesteyting, reiseliv, offentleg sektor, data-teknologi
- arbeida for kulturbaserte næringar som eit toppidretts-senter med fleirbrukshall for t.d. skiskyting, volleyball, karate og hestesport i samarbeid med Fusa vidaregå-  
ande skule, lokale idrettslag og næringslivet
- styrkja og vidareutvikla det vidaregåande skuletilbodet
- utvikla høgskuletilbod
- arbeida for at statlege arbeidsplassar og tenestetilbod vert lagt til kommunen

**Vi satsar på ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring ved å:**

- setja av havbruksareal i arealdelen av kommuneplanen
- ha fokus på oppdrett, fiskehelse og miljøutfordringar i den overordna ROS-analysen for Fusa

**Vi satsar på eit livskraftig og berekraftig landbruk ved å:**

- stimulera til produksjon og sal av lokal mat
- stimulera til nye tiltak i landbruket
- støtta kombinasjonen av tradisjonelt landbruk og attåt-næring
- arbeida for fleire husdyr, som kan bidra til å halda kulturlandskapet ope
- arbeida for å auka kunnskapen om og forståinga for kor viktig landbruket er for verdiskapinga, og som mat-  
produsent og leverandør av byggemateriale og bioenergi
- ha fokus på tryggleik, helse/dyrehelse og miljøutfordringar for landbruksnæringa i den overordna ROS-analysen for Fusa
- forvalta hjortebestanden på ein slik måte at den er på eit nivå som er berekraftig også for jord- og skogbruket
- ta vare på fulldyrka jord og syta for at det er minst like mykje jordbruksareal i drift i Fusa kommune i 2020 som det var i 2010, dvs. minst 14 000 daa.

#### **VISSTE DU AT**

Fusa har vore med på utviklinga av oppdrettsnæringa heilt sidan starten på 1960-talet?




# SATSINGSOMRÅDE 2

## TREFFSIKRE KOMMUNALE TENESTER – GODE KÅR I ALLE ÅR

For å sikra alle innbyggjarane våre gode kår i alle år, må vi levera treffsikre tenester. Det vil seia at det skal vera god kvalitet på tenestene våre. Det vil òg seia at kvar enkelt skal få dei tenestene dei har bruk for. Samstundes må tenestene vera tilpassa kommuneøkonomien. Vi må leva med spennet mellom behov og ønske. Det er ei stor utfordring både for politikarar og tilsette å fastslå kva som er kva, og til ei kvar tid å definera kvalitet. Treffsikre tenester vil dessutan seia at tenestene våre skal vera målretta – det krev klare mål i sikte! For å bli endå betre til å treffa det vi siktar etter, må det samarbeid til – tverrfagleg, mellom politikarar og administrasjon, og med innbyggjarane.

### KOMMUNALE BRUTTOUTGIFTER (SSB 2010-TAL)

- Pleie og omsorg (33,7 %)
- Andre (barnevern, sos.tenester, teknisk, landbruk, kultur, kyrkje) (23,8 %)
- Grunnskule (21,9 %)
- Barnehage (10,1 %)
- Administrasjon (6,8 %)
- Kommunehelse (3,7%)



## MÅL

### Fusa kommune skal:

- ha godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon
- vera ein attraktiv arbeidsplass
- vera ein nytenkjande og lærande organisasjon
- yta god service
- ta ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap på alvor
- gje individuelt tilpassa tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk

## STRATEGIAR

### Eit godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon får vi til ved å:

- ha ei klar rolleforståing og arbeidsdeling mellom politisk og administrativt nivå
- ha ein god dialog om samfunns- og tenesteutvikling mellom administrativt og politisk nivå
- ha gode rapporteringsrutinar og styringsverktøy
- vera gode ambassadørar for Fusa kommune som organisasjon og tenesteprodusent

### At kommunen er ein attraktiv arbeidsplass sikrar vi ved å:

- ha god personalpolitikk som speglar kommunen sitt verdsett: ROMSLEG (sjå side.1)
- satsa aktivt på kompetanseutvikling og la medarbeidarane ta del i utvikling av tenestene
- arbeida aktivt for å få ned sjukefråværet
- ha fleksible og gode arbeidstidsordningar

### At kommunen er ein nytenkjande og lærande organisasjon sikrar vi ved å:

- gje tid og rom for kreativitet, utprøving og refleksjon
- fokusera på det vi får til og læra av det
- satsa aktivt på utviklingsarbeid og kompetanseheving, gjerne i samarbeid med KS og andre kommunar og aktørar

### God service sikrar vi ved å:

- utvikla eit servicetorg som tek seg av enkel saksbehandling med kort responstid
- gje raske svar
- verta ein «e-kommune» med ei god heimeside

## SLIK VIL VI HA DET

Fellesskap, Utvikling, Samspel, Aktivt liv med god helse, tryggleik og trivsel



## FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi Fusa bu- og behandlingssenter yter kjempegod pleie og omsorg. Her bryr dei seg!



- (i noregstoppen i kvalitet), der ein kan finna informasjon og få utført tenester digitalt
- ha offentleg informasjon tilgjengeleg på fleire framandspråk
  - nytta sosiale medium i dialog med innbyggjarane
  - ha moderne, integrerte IKT-verktøy i alle tenesteområda
  - ha interkommunalt samarbeid på fleire tenesteområde, der dette er tenleg

**Vi tek ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap på alvor ved å:**

- ha ein oppdatert overordna ROS-analyse som til ei kvar tid gjev oss oversyn over risikofaktorane i fusa-samfunnet
- ha ein oppdatert plan for samfunnstryggleik og beredskap, som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på
- forankra arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap politisk
- ha fokus på arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i heile organisasjonen
- arbeida fortløpande med å hindra at ulukker skjer ved å syta for at det vert sett i verk risikoreduerande tiltak, og samstundes vera budd på krisesituasjonar
- handtera kriser på ein slik måte at vi minskar omfang og konsekvensar

**Individuelt tilpassa tenester, god kvalitet og effektiv ressursbruk sikrar vi ved å:**

- samhandla mellom einingar og avdelingar, med andrelinetenesta, interkommunalt, pårørande og frivillig sektor
- samarbeida tverrfagleg og samordna planar
- syta for at den enkelte tenestemottakar opplever meistring og utvikling
- vurdere fortløpande kva som er den mest tenlege organiseringa og lokaliseringa av tenestene
- vurdere terskelen for å få tenester
- satsa på førebyggjande tiltak, og setja inn tiltak tidleg når det er nødvendig
- ha ein godt vedlikehalden eigedomsmasse

**VISSTE DU AT**

Fusa satsar på folkehelsearbeid og har oppretta stilling som folkehelsekoordinator?



**FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG**

- fordi eg kosar meg her



# SATSINGSOMRÅDE 3

## SAMHANDLING OG SAMARBEID - LAGSPEL GJEV GODE RESULTAT

Fusa ønsker å halda fram som eigen kommune, men det som skal vera styrande for organiseringa vår, er å kunna yta best moglege tenester til innbyggjarane i Fusa. Ved eit eventuelt krav om kommunesamanslåing i perioden 2011-2023, skal vi orientera oss mot kommunar i Bergensalliansen.

To store utfordringar i planperioden krev breitt samarbeid: Ferjefri kyststamveg og samhandlingsreforma.

Fusa har gode tradisjonar for samarbeid: Vi har ein allsidig frivillig sektor og eit sterkt næringsliv. Gjennom spleiselag med kommunen og andre offentlege instansar har desse aktørane vore med og sytt for viktig utviklingsarbeid i fusasamfunnet.

### MÅL

Fusa kommune skal:

- involvera innbyggjarane i utviklinga av fusasamfunnet
- styrkja samarbeidet med frivillig sektor
- halda fram det gode samarbeidet med næringslivet for å løysa utviklingsoppgåver
- samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar
- samarbeida breitt for å møta to spesielle utfordringar i kommuneplanperioden: Ferjefri kyststamveg og det som per 2011 vert kalla samhandlingsreforma
- ha eit godt samarbeid med offentlege instansar
- samarbeida med aktørar som kan vera med og profilera Fusa på ein positiv måte
- ha forventningar til samarbeidspartnerane våre

### FUSA - DET ER OSS

Vi har alle eit ansvar for å sikra ei god samfunnsutvikling!

### SLIK VIL VI HA DET

Fusa kommune skal vera ein positiv medspelar som samarbeider med innbyggjarane, frivillig sektor, næringslivet, andre kommunar og andre offentlege instansar for å sikra ei god utvikling av fusasamfunnet



Vi involverer innbyggjarane i utviklinga av fusasamfunnet ved å:

- gjennomføra prosessar for medverknad i planarbeid
- nytta sosiale medium i dialogen med innbyggjarane
- nytta heimesida aktivt
- engasjera lokalmiljøa, og særleg barn og unge, i viktige politiske prosessar og saker

Vi styrkjer samarbeidet med frivillig sektor ved å:

- vera positive til samarbeid med frivillig sektor og inngå forpliktande samarbeid med frivillige aktørar
- kunna bidra også økonomisk når kommunen inngår samarbeid med frivillig sektor
- halda fram med å støtta drifta av Fusa frivilligsentral
- ha ei aktiv rolle med å formidla eksterne tilskotsordningar
- oppmuntra og ta vare på eldsjeler

Vi held fram det gode samarbeidet med næringslivet for å løysa utviklingsoppgåver ved å:

- vera ein aktiv eigar i Fusa utviklingsselskap og Business Region Bergen
- ha regelmessige møte med næringslivet
- vera ein god vertskommune for næringslivet
- vurdera samarbeid med næringslivet om kommunale/statlege utbyggingsoppgåver

Vi samarbeider med andre kommunar ved å:

- vera ein aktiv aktør i Bergensalliansen
- vera observatør, evt. medlem, i Sunnhordlandsrådet
- vera opne for samarbeid også med kommunar utanfor Bergensalliansen utifrå vår sentrale geografiske plassering
- vera aktiv for å få til interkommunalt samarbeid på område der dette kan styrkja tenestene og let seg gjennomføra praktisk


Vi møter to spesielle utfordringar, ferjefri kyststamveg og samhandlingsreforma, med å:

- vera ein aktiv pådrivar og byggja alliansar for å sikra at den indre traseen for ferjefri kyststamveg vert vald
- halda fram med aktiv alliansebygging med andre



## FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi me har den flottaste ridehallen i landet



## FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi fordi folk stiller til dugnad og saman får me til det me vil

- kommunar i høve til samhandlingsreforma
- arbeida for at tenester som vert omfatta av samhandlingsreforma vert verande/lokaliserte i Fusa
- satsa på førebyggjande tiltak knytt til samhandlingsreforma

**Vi legg vinn på eit godt samarbeid med offentlege instansar ved å:**

- støtta opp om Fusa vidaregåande skule (Hordaland fylkeskommune) og Hålandsdalen leirskole (Bergen kommune)
- vidareutvikla samarbeidet med kyrkja (Fusa sokn)
- ha ein aktiv dialog med Hordaland fylkeskommune, både politisk og administrativt
- ha ein god dialog med Fylkesmannen
- ha eit godt samarbeid med Statens Vegvesen for å sikra framtidig utbetring av vegnettet
- vidareutvikla samarbeidet om tenestene i NAV, der kommune og stat skal vera likeverdige partar
- halda fram samarbeidet med politi- og lensmannsetaten om eit – i vid tyding – trygt fusasamfunn

**Vi samarbeider med aktørar som kan vera med og profilera Fusa, ved å:**

- bruka profilerte skiskyttarar i marknadsføring av «Fusa – midt i blinken»
- bruka profesjonelle firma/aktørar til å utarbeida visuell profil og profileringsmaterieil for Fusa
- bruka Fusa utviklingselskap i marknadsføringsarbeid


**Vi formidlar forventningar til samarbeidspartnerane våre ved å:**

- vera ein aktiv eigar i Fusa utviklingselskap og Business Region Bergen
- informera dei om kommunen sine verdiar ROMSLEG (sjå side.1)
- informera om kommunen sine vedtekne akseptkriteria for ROS-analysar, klima- og energimål til konsultantselskap, utbyggjarar og andre som lagar/leverer framlegg til reguleringsplanar
- informera om at vi forventar at samarbeidspartnerane våre rettar seg etter lover og reglar på gjeldande samarbeidsområde, og held ein høg etisk standard

#### **VISSTE DU AT**

Fusa har kommunalt ungdomsråd som vert vald for eitt år om gongen og skal fremja ungdommen sine interesser?





### FUSA ER MIDT I BLINKEN FOR MEG

- fordi her kan eg driva  
med skiskyting også i  
skuletida!






Foto: Fusa kommune, Elkhaugen Gjestegård (s. 39), Ragnhild Bjørke, Torgeir Berge, Arvid Midtrød, AS Bolaks, Os og Fusa-  
posten, Fusa utviklingssekskap, Lokalhistorisk Arkiv i Fusa - Biletsamlinga, GROM design  
Utforming: GROM design 2011

